

**Protokoll nr. 01/17**

**Styremøte 25.01.17**

Tilstades: X

**Styremedlemmar:**

- X Stein Kinserdal, styreleiar
- X Petter Bjørdal, nestleiar
- Svein Anders Grimstad
- X Kirsti Slotsvik
- Torbjörg Vanvik
- X Charles Austnes
- X Jan Arve Antonsen
- X Kirsti Sevaldsen

**Frå administrasjonen møte:**

Adm.direktør Espen Remme  
styresekretær Hilde Amundsen Flø  
Ass.dir. Helge Ristesund  
Økonomidirektør Heidi Nilsen  
Klinikkssjef Henrik Erdal, Klinikk for barn, unge og kvinner  
Klinikkssjef Kjersti Bergjord, Klinikk for akuttbehandling  
Klinikkssjef Mona Aagaard-Nilsen, Klinikk for drift og eigedom  
Klinikkssjef Svanhild Tranvåg, Klinikk for diagnostikk  
Klinikkssjef Torstein Hole, Klinikk for medisin og rehabilitering  
Klinikkssjef Astrid Johanne Brandshaug, klinikk for kirurgi  
Konst.klinikkssjef Karl Arne Remvik, Klinikk for psykisk helse og rus  
Fagdirektør Jo-Åsmund Lund  
Spesialrådgjevar Odd J. Veddeng

**Frå Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF:**

Leiar Ingrid Løset og Ann Helen Skare

Styremøte vart halde på styrerommet i administrasjonen.

Styreleiar Stein Kinserdal vart forseinka til møtet og nestleiar Petter Bjørdal åpna styremøtet og ønska alle velkommen.

Stein Kinserdal kom til møtet kl. 11:50, under behandling av sak 2017-05.

Torbjörg Vanvik og Svein Anders Grimstad hadde meldt forfall til møtet.

Dokumenter utdelt til møtet:

Sak 2017/03 – Referatsaker:

- Protokoll frå møte i Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal 24.01.2016
- Protokoll frå møte i Arbeidsmiljøutvalet i Helse Møre og Romsdal HF 24.01.2016
- Referat frå styremøte i HMN 15.12.2016

Sak 2017/08 - Drøftingsprotokoll Budsjett 2017

Styret behandla følgjande saker i møte:

**Sak 2017/01      GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.**

**Innstilling:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste. Styret skrev under protokoll nr. 10 frå møte 07. desember 2016.

**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjente innkalling og sakliste. Styret skrev under protokoll nr. 10 frå møte 07. desember 2016.

**Sak 2017/02      ORIENTERINGSAKER**

- Orientering frå administrerende direktør
  - Viste til ny komplette leiargruppa i HMR
  - Status OU
  - Status SNR
- Standardisert pasientforløp - v/fagdirektør Jo-Åsmund Lund
- Manglande dokumentasjon ved utskrivning frå HMR

**Sak 2017/03      Referatsaker – uten saksframlegg**

- Referat frå Brukarutvalet 24.01.2017 (delast ut i møtet)
- Referat frå AMU 24.01.2017 (delast ut i møtet)
- Fylkesmannen - Virksomheitstilsyn med rehabiliteringstenesten – tilsyn avsluttas

- Brev frå ordførarar og rådmenn i Nordmøre og Romsdal – framtidig sykehusstilbud for barn i SNR.
- «Brev frå tillitsvalgte SNR», – Oppbyggingsplan gynekologi og pediatri
- Rapport frå delprosjektet for stadleg leing
- Referat frå styremøte i HMN 15.12.2016 (vart lagt fram i møtet)

**Sak 2017-04**

### **Riktig bruk av tvang i psykisk helsevern i HMR**

#### **Innstilling:**

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek internrevisjonsrapporten om bruk av mekanisk tvang (belter) og protokollføring av dokumentasjon i HMR til vitande.
2. Styret støttar skissert tiltaksplan på kort og lang sikt og ber adm. dir. sørge for at planlagde tiltak på kort og lang sikt vert gjennomført.
3. Styret ber om å verte haldne orientert om utviklinga i saka, og at saka vert sendt til Fylkeslegen i Møre og Romsdal.

#### **Vedtak:**

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek internrevisjonsrapporten om bruk av mekanisk tvang (belter) og protokollføring av dokumentasjon i HMR til vitande.
2. Styret støttar skissert tiltaksplan på kort og lang sikt og ber adm. dir. sørge for at planlagde tiltak på kort og lang sikt vert gjennomført.
3. Styret ber om å verte haldne orientert om utviklinga i saka, og at saka vert sendt til Fylkeslegen i Møre og Romsdal.

**Sak 2017-05 Utviklingsplan akutt kirurgi HMR 2018-21**

#### **Innstilling:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal stadfestar vedtak i HMN RHF styresak 54-16; «*For kommende utviklingsplanperiode legges det til grunn at Helse Møre og Romsdal HF skal opprettholde et akuttkirurgisk tilbud ved Volda sjukehus*».
2. Basert på den generelle utfordringa innan rekruttering av gastrokirurgar, er styret uroa over langsiktig berekraft innan det gastrokirurgiske fagmiljøet i føretaket, og ber om at det vert løfta fram som eit av fleire prioriterte satsingsområde i arbeidet med utviklingsplanen.

3. Styret ber om at det for utviklinga innan kirurgiske fagfeltet i føretaket, vert lagt til grunn ein utviklingsprosess som byggjer på standardiserte pasientforløp, ikkje minst for at pasienttryggleik og kvalitet skal sikrast.
4. Styret føreset eit tettare samarbeid mellom fagmiljø ved Ålesund sjukehus og Volda sjukehus.

**Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal stadfestar vedtak i HMN RHF styresak 54-16; «*For kommende utviklingsplanperiode legges det til grunn at Helse Møre og Romsdal HF skal opprettholde et akuttkirurgisk tilbud ved Volda sjukehus*».
2. Basert på den generelle utfordringa innan rekruttering av gastrokirurgar, er styret er uroa over langsiktig berekraft innan det gastrokirurgiske fagmiljøet i føretaket, og ber om at det vert løfta fram som eit av fleire prioriterte satsingsområde i arbeidet med utviklingsplanen.
3. Styret ber om at det for utviklinga innan kirurgiske fagfeltet i føretaket, vert lagt til grunn ein utviklingsprosess som byggjer på standardiserte pasientforløp, ikkje minst for at pasienttryggleik og kvalitet skal sikrast.
4. Styret føreset eit tettare samarbeid mellom fagmiljø ved Ålesund sjukehus og Volda sjukehus.

**Sak 2017-06 HMR sitt svar på: «Tilsynsrapport etter alvorlig hendelse. Manglende oppfølging av et barn med omfattende og sammensatte behov (Sebastiansaken)»**

**Innstilling:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek endeleg «Tilsynsrapport etter alvorlig hendelse. Manglende oppfølging av et barn med omfattende og sammensatte behov (Sebastiansaken)» til vitande.
2. Styret ser svært alvorleg på situasjonen der helseføretaket gjennom svikt og manglar ikkje gav forsvarleg helsehjelp til eit barn på ti månadar som resulterte i at barnet døde.
3. Styret legg til grunn at forventningane uttrykt av Helsetilsynet omkring kva helseføretaket skal ta lærdom av/ treff tiltak på, blir gjennomført, under dette:
  - a. Kortsiktige tiltak blir fulgt opp og justert i tråd med løpande vurderingar.
  - b. Langsiktige tiltak, herunder samarbeid mellom føretaksinterne einingar og kommunane/ samarbeidspartar.
4. Styret ber adm. dir. om å invitere foreldra til barnet til ein gjennomgang av saka og uttrykke orsaking for det som har skjedd.

5. Styret ber om at saka vert sendt til Statens Helsetilsyn, med kopi til fylkeslegen i Møre og Romsdal, og at gjennomførte tiltak vert dokumentert og oversendt fortløpande.

**Protokoll:**

- **Kirsti Slotsvik fremma forslag til følgjande tillegg i innstillinga punkt 3b (i kursiv) :**

3b. : «Langsiktige tiltak, herunder *utarbeiding av heilskapleg ROS-analyse, i samarbeid mellom føretaksinterne einingar og kommunane/ samarbeidspartar.*»

**Votering:**

Det blei stemt over alle punkta samla og desse blei samrøystes vedteke, inkludert Kirsti Slotsvik sitt forslag til tillegg i pkt. 3 b.

**Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek endeleg «Tilsynsrapport etter alvorlig hendelse. Manglende oppfølging av et barn med omfattende og sammensatte behov (Sebastiansaken)» til vitande.
2. Styret ser svært alvorleg på situasjonen der helseføretaket gjennom svikt og manglar ikkje gav forsvarleg helsehjelp til eit barn på ti månadar som resulterte i at barnet døde.
3. Styret legg til grunn at forventningane uttrykt av Helsetilsynet omkring kva helseføretaket skal ta lærdom av/ treff tiltak på, blir gjennomført, under dette:
  - a. Kortsiktige tiltak blir fulgt opp og justert i tråd med løpande vurderingar.
  - b. Langsiktige tiltak, herunder utarbeiding av heilskapleg ROS-analyse, i samarbeid mellom føretaksinterne einingar og kommunane/ samarbeidspartar.
4. Styret ber adm. dir. om å invitere foreldra til barnet til ein gjennomgang av saka og uttrykke orsaking for det som har skjedd.
5. Styret ber om at saka vert sendt til Statens Helsetilsyn, med kopi til fylkeslegen i Møre og Romsdal, og at gjennomførte tiltak vert dokumentert og oversendt fortløpande.

**Sak 2017-07      Oppretting av Ungdomsråd**

**Innstilling:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal tar informasjon om oppretting av ungdomsråd til orientering og støtter planlegging av dette arbeidet.

2. Ungdomsråd for Helse Møre og Romsdal HF opprettas i henhold til retningslinjene frå Helse Midt-Norge RHF.
3. Styret for Helse Møre og Romsdal HF gjer administrerande direktør fullmakt til å oppnemne medlemmar til ungdomsråd og koordinator.

**Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal tar informasjon om oppretting av ungdomsråd til orientering og støtter planlegging av dette arbeidet.
2. Ungdomsråd for Helse Møre og Romsdal HF opprettas i henhold til retningslinjene frå Helse Midt-Norge RHF.
3. Styret for Helse Møre og Romsdal HF gjer administrerande direktør fullmakt til å oppnemne medlemmar til ungdomsråd og koordinator.

**Sak 2017-08      Budsjet 2017**

**Innstilling:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF slutter seg til framlagt budsjett for 2017.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal HF ber administrerande direktør jobbe med ytterlegare omstilling for å redusere risikoen knytt til budsjett 2017.

**Protokoll:**

- **Kirsti Slotsvik fremma forslag om endring i pkt. 1 slik (i kursiv)**
  1. «Styret for Helse Møre og Romsdal HF *vedtek* framlagt budsjett for 2017»
- **Kirsti Slotsvik fremma forslag om endring i pkt. 2 slik (i kursiv):**
  2. «Styret for Helse Møre og Romsdal HF ber administrerande direktør *jobbe ytterlegare* for å redusere risikoen knytt til budsjett 2017.»

**Votering:**

Styret stemte samrøysta i forslag om endring i pkt. 1 og 2.

**Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF vedtek framlagt budsjett for 2017.
2. Styret for Helse Møre og Romsdal HF ber administrerande direktør jobbe ytterlegare for å redusere risikoen knytt til budsjett 2017.

**Sak 2017-09      Årleg melding 2016****Innstilling:**

Styret for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til innhaldet i Årleg melding for 2016 og rapportering og oppfølging av styringsdokument og føretaksprotokollar for 2016.

**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal sluttar seg til innhaldet i Årleg melding for 2016 og rapportering og oppfølging av styringsdokument og føretaksprotokollar for 2016.

**Sak 2017-10      Innspel til høyringsuttale – «NOU 2016: 25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten»****Innstilling:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek «NOU 2016: 25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten» til vitande.
2. Styret ber om at innspel i styremøtet vert samanstilte i eit høyringssvar som vert sendt elektronisk til styremedlemmane for gjennomlesing og eventuelle kommentarar.
3. Styret gir adm. dir. fullmakt til å sende inn høyringssvaret på vegne av styret i HMR.

**Vedtak:**

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek «NOU 2016: 25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten» til vitande.
2. Styret ber om at innspel i styremøtet vert samanstilte i eit høyringssvar som vert sendt elektronisk til styremedlemmane for gjennomlesing og eventuelle kommentarar.
3. Styret gir adm. dir. fullmakt til å sende inn høyringssvaret på vegne av styret i HMR.

**Sak 2017/11      Eventuelt.**

- Det vert satt opp ekstra styremøte 31. mars kl. 13:00. for handsaming av årsrekneskapet. Dette vert innkalt som telefonmøte.
- Innkalling foretaksmøtet. Administrasjonen sjekker opp og kjem tilbake til det.

**Sak 2017/12 Godkjenning av protokoll nr. 01/17 frå møte 25.01.2017**Innstilling:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 01/17 frå styremøte 25.01.2017

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 01/17 frå styremøte 25.01.2017

Møtet slutt kl. 14:36

Stein Kinserdal  
Styreleiar

Petter Bjørdal  
Nestleiar

Kirsti Slotsvik

Svein Anders Grimstad

Torbjørge Vanvik

Charles Austnes

Jan Arve Antonsen

Kirsti Sevaldsen